

## **Referat frå soknerådsmøte onsdag 30/10-24, kl. 17-19.30 på kyrkjekontoret på Lundetunet**

**Til stades:** Stian Holte, Katrine Burmester, Marie H. Nordli, Gunhild Sofie Halsvik Rønningen kom under sak 78/24. Sokneprest Ragnhild Halden og kyrkjeverge Mona Halsvik.

**Varamedlem:** Inger S. Røddesnes.

**Meldt forfall:** Nils Steinar Stavsholt, Hilde Roksund, Carina Syvertsen Pedersen.

### **Sak 75/24: Godkjenning av innkalling.**

**Vedtak:** Innkallinga vart godkjent.

### **Sak 76/24: Godkjenning av referat.**

**Vedtak:** Referat frå møte 28.08.24 vart godkjent.

### **Sak 77/24: Orientering og informasjonssaker.**

- 1. Kyrkjebladet** – ved eventuell ny drift av kyrkjeblad, må dette driftast med sjølvkost. Åse Gisholdt tilbyr soknerådet og overta komplett samling av «Lunde Kyrkjeblad» med årgangar frå før krigen(?) Soknerådet seier ja takk til det, og vil finne ein eigna plass for oppbevaring av dette.
- 2. Fellesrådet** – godkjenner nye gudstenesteforordningar for sokna i Nome.
- 3. Festeavgift** – vil auke til kr. 350,- pr. grav i året med 5 års festetid.
- 4. Fidus/supertorsdag** -trosopplærar/ungdomsarbeider Dorota Rybka-Giers har ansvar for gjennomføringa av desse aktivitetane i menigheten vår.
- 5. Kontingentar.** Dette fører sekretær Aslaug Storåsen Djuve ein oversikt over.
- 6. Rekruttering til trosopplæringsutval.** Katrine Burmester har utarbeida ei brosjyre «Trosopplæringsutval-en liten introduksjon» for å tydleggjera kva arbeidet i utvalet går ut på.
- 7. Teaterframsyning** «Ja, frøken Nilsen- ei forestilling om medmennesket» av Randi Mossing blir framført i Lunde kyrkje tysdag 25.02.25. Det vil bli søkt Sparebankstiftelsen om tilskot til dette arrangementet.
- 8. Innspel om felles bønne møte** på Solhaug, Bedehuset og Veslekjørka kvar si veke. Soknerådet stiller seg positive til innspelet, og Solhaugstyret stiller Solhaug til disposisjon.

Presten vil ta kontakt med sannsynleg initiativtaker for å sikre at eventuelle felles bønnemøte vil foregå i tråd med Den Norske Kirkes verdisyn.

#### **Informasjon av saker frå fellesrådet v/ kyrkjeverge:**

- 9. Navnet minnelund** ved Lunde kyrkje er vedtatt av Nome kirkelige fellesråd å etablere. Område for plassering og utforming er bestemt, og ein ser fram til Statsforvalterens støtte og godkjenning av prosjektet.
- 10. Landsmarka kapell** er nå nesten ferdig med det utbetningsarbeidet som tidligare vedtatt skal utførast der.
- 11. Tankar om nye kontorfasiliteter** – det er stort behov for nye kontorlokaler for staben i Lunde og Flåbygd sokn. Kommunen har gitt signal om at dei skal få andre meir eigna kontorlokale i Lunde sentrum.
- 12. Informasjon om økonomisk referansemåling** – Soknerådet har fått mindre pengar frå kommunen enn andre sammenlignbare kommunar.
- 13. Oppfølging av budsjett/rekneskap** – tala som blir lagt fram i budsjett/rekneskap pr. 23.10.24 blir teke til orientering.

#### **Sak 78/24: Evaluering av aktivitetdagen.**

Familie- og aktivitetdagen på Solhaug 29.09.24 blei ein suksess med mange ungar og mykje folk . Aktivitetane som det var lagt opp til, var populære blant borna, og blei gjennomført på ein fin måte. Alle aktiviteter, mat og utdeling av lodd for loddtrekning er gratis, og dette bidrar også til ei svært positiv haldning til denne dagen blant dei frammøtte. Avslutningsbasaren blei for lang, og mange hadde reist. Nokre av aktivitetane avslutta for tidleg.

Forslag om å kutte basar til slutt - i staden eit opplegg med:

kl.1200 - 1300 aktivitetar,

kl.1300-1330 samling i salen med f.eks trylleshow,

kl.1330 - ca 1430 aktivitetar - (avslutte når det roar seg).

Soknerådet trudde det var tungt og sette i gang aktivitetar att etter samlinga.

Soknerådet fekk tilskot frå Sparebankstiftelsen på 20.000 til aktivitetdagen.

**Vedtak:** Familie- og aktivitetsdag på Solhaug er eit positivt tiltak som soknerådet vil prioritere vidare.

#### **Sak 79/24: Saker frå bispedømmet ute på høyring.**

**Vedtak:** AU drøftar dette før neste soknerådsmøte i desember, og det blir tatt stilling til eventuell uttale da.

### **Sak 80/24: Offerliste for 2025.**

**Vedtak:** Offergåver som tidlegare har gått til Solhaug, vil nå gå til aktivitetdagen på Solhaug.

Framlagt offerliste utarbeida av sokneprest Ragnhild Halden vart vedtatt.

## **Vedtatt offerliste 2025**

Vi har 52 gudstjenester pr år. På noen av disse, ca 6, er det ikke offer. (Det gjelder bl.a. utegudstjenester, langfredag i ord og toner, minnegudstjeneste og gudstjenester på Nome sjukeheim/Bjervatun). Antall offer blir da 46.

Ved ekstra gudstjenester med offer utover det som er satt opp, vil det i så tilfelle være naturlig med offer til eget kyrkjelydsarbeid.

### **Fordeling på offerformål i 2025:**

11 offer til kyrkjelydsarbeidet (generelt)

10 offer til kyrkjelydens misjonsprosjekt

10 offer til kyrkjelydens arbeid med trosopplæring

3 offer til Aktivitetsdag på Solhaug

**Til sammen 34 offersøndager til «eget» arbeid**

#### ***Indremisjonsarbeid***

- Normisjon
- Frelsesarmeen
- Bibelselskapet

#### ***Barne- og ungdomsarbeid***

- Acta – Normisjon

#### ***Ytremisjon***

- Misjonssambandet
- Det norske misjonsselskap
- Stefanusalliansen

#### ***Diakonale institusjoner***

- Kirkens nødhjelp **x3** (Julaften i Lunde og Flåbygd, fasteaksjon)
- Kirkens SOS
- Tv-aksjon

**Til sammen 12 offersøndager til «eksternt» arbeid.**

**Sak 81/24: Val av leiar og nestleiar for 2025.**

Det skal veljast leiar og nestleiar kvart år innan 1.januar. Leiar i soknerådet, Stian Holte har ynskje om at andre kan overta leiarvervet.

**Vedtak:** Katrine Burmester, nestleiar - overtek vervet som leiar. Stian Holte blei valgt som ny nestleiar.

**Sak 82/24: Førebu joletreffest.** Soknerådet har ansvar for den tradisjonelle joletreffesten på Solhaug 05.01.25. Det er eit stort ynskje om at alle soknerådsmedlemer/varamedlemer støttar opp om festen, om det er med praktisk hjelp eller om det bare er å vera med på joletreffesten. Det opprettast ein festkomite. Solhaugstyret ordner med å få tak i juletre. Det blir andakt ved sokneprest Ragnhild Halden.

**Vedtak:** Katrine Burmester får ansvar for gjennomføringa av denne dagen.

**Sak 83/24: Eventuelle saker.**

Ingen saker.

Sokneprest Ragnhild Halden avslutta møtet med eit gammalt ordtak som kan være til ettertanke i denne tida vi nå går i møte, med lys og mørke, - og bønna «Fader vår».

Gleder du deler – gir dobbel glede  
Sorger du deler – gir halv sorg

**Neste møte:** Onsdag 04.12.24, kl. 17-19:30 på Solhaug.

Skrivar: Marie H. Nordli, Lunde 3/11 2024